

Boktips m.m. frå biblioteket til skular og barnehagar (oktober 2012)

Ungdomsskulen:

Eg var der : historier vi ikkje må gløyme / Gudrun Pausewang. - Oslo : Samlaget, 2008
Inneheld 20 noveller. Dette er ei samling forteljingar om vanlege folk i Tyskland under 2. verdskrigen. Her er ungguten Harald som blir beordra av onkelen til å skyte ein russarfange, her er venninner som ikkje er venninner lenger, fordi den eine er arisk-tysk og den andre tysk-jødisk. Her kan ein lese om korleis det var å vere kvardagsmenneske under 2. verdskrigen i Tyskland og kva som skjer med naboar som plutselig ikkje snakkar til kvarandre. Noveller for ungdomstrinnet. Nynorsk tekst

Rekrutten : grafisk roman / Robert Muchamore ; illustrert av John Aggs ; adaptert av Ian Edginton. - Oslo: Samlaget, 2012

12 år gamle James Adams kjem på barneheim etter at mora dør. James får raskt tvilsame venner, og hamnar i slåsskampar og blir arrestert for tjuveri. Men då CHERUB, den hardaste treningsleiren for spionar under 18 år, oppdagar hans skjulte talent, begynner eit nytt liv som spion. Forteljinga følgjer rekrutteringa av James til organisasjonen og den knallharde opptaksprøven, 100 dagar med smertefull grunntrening. Han får også sitt første oppdrag, der James skal infiltrere ei gruppe økofanatikarar som har planar om biologisk terror. James må ta stilling til kor store sjansar han tør å ta for saka. I yttarste konsekvens kan det bli med livet som innsats. Møt også veslesystema Lauren og Kyle, Karry og resten av CHERUB-ane. Teikneserie for mellom-/ungdomstrinnet. Nynorsk tekst

Utfør : roman / Sunniva Relling Berg. – Oslo : Samlaget, 2011

Saman med foreldra flyttar Lea frå byen til ei lita øy i havgapet, i eit hus for seg sjølv på det høgste punktet på øya. Ho møter naboguten Jonas, og dei utviklar ein vennskap. Men det er noko som ikkje stemmer på den vesle øya. Dei andre ungdommane vil ikkje ha noko med Jonas å gjere, og Lea blir dregen inn i ein konflikt som ho ikkje forstår noko av. Ho må ta eit val. Ho må finne ut kva det er alle på øya går og teier om. Lea er flink i matematikk, men dårleg på vennskap. Dette er ei forteljing om vennskap, mobbing og å komme frå byen til ei lita øy, om å bli tvunga til å ta vanskelege val, om korleis det kjennest å falle utfør eit stup. Forteljing for ungdomstrinnet.

Mellomtrinnet:

Alfred offshore / av Kurt Rutledal. - Førde : Selja, 2010.

God, leseleg skrift. I denne boka kan ein lære meir om kva det eigentleg vil seie å jobbe offshore, kva dei gjer der ute, korleis dei kjem seg ut dit, og korleis arbeidsdagen er. Bamsen Alfred var nyfiken på dette, og då fekk han tilbod om å være med ingeniøren Kurt Rutledal på jobb. Han møter ulike yrkesgrupper på Åsgard A på Haltenbanken i Norskehavet. Maskinistar, målarar, ingeniørar, sjukepleiarar, kokkar, reinhaldsarbeidarar og mange fleir. Det er eit eige lite samfunn der ute, og her får ein og vite kva dei gjer på fritida, kva dei et, korleis dei har det på lugaren osv. Er illustrert med 340 bilete. Faktabok for småskole-/mellomtrinnet.

Familien Kråkestrup og nyset i nabohuset / Kari Smeland. – Oslo : Samlaget, 2012

Familien Kråkestrup består av mamma, pappa og tre par tvillingar, samt gamle onkel Sigurd og alle fuglane til pappa som bur saman med dei i det nesten falleferdige huset. Det finst berre eitt hus til i nabolaget og der har det ikkje budd nokon sidan onkel Sigurd var barn. Men ein dag får dei yngste tvillingane mistanke om at nokon har flytta inn og begynner å spionere. Utforskinga av nabohuset bind saman eit vell med meir eller mindre absurde hendingar i livet til familien Kråkestrup. Forteljing for mellomtrinnet.

Carla, min Carla / Ingeborg Arvola. – Oslo : Cappelen, 2012

Inghill er hestegal. Hun ønsker seg hest mer enn alt i hele verden. Hun tenker på hest, snakker om hest og hun har sin egen hest, på en facebook-profil under falskt navn. Men hun blir stadig avslørt som løgner. Heldigvis rir hun på rideskolen, men hun er for liten til å være med i stallgjengen, og det er ikke nok å sitte på hesteryggen to ganger i uka. Foreldrene blir lei alt maset og gir henne en hest til jul. Inghill blir verdens lykkeligste. Men ponnien Carla er også litt gal, og Inghill klarer ikke helt å styre henne. En dag går det fryktelig galt. Carla blir skremt og løper ut og sklir på glatta, og Inghill brekker armen. Da hjelper det ikke at Inghill er tøffere enn de fleste. Det er bare Carla som gjelder, og hun må selges. Dette er en fortelling om en hestegal jente, om vennskap og mobbing, om å klare seg selv og om å ta ansvar for seg selv og det en er glad i. Fortelling for mellomtrinnet.

Barnehagen/småskulen:

Henrik And / Anna R. Folkestad. - Oslo : Samlaget, 2011

God, leselig skrift. Henrik And er ei and. Ei heilt vanleg and, med ein heilt vanleg draum. Han vil vere noko anna. For om han var noko anna, ville han kunne gjere heilt andre ting, alt ville vore annleis. Men han må tenkje seg nøye om, kva han vil vere. Alle dei merkelege dyra han føresteller seg at han er, har hovudet til Henrik And. Boka har enkel tekst med regleelement og gjentakingar. Dette er ei humoristisk forteljing om å finne seg sjølv. Nynorsk tekst. Billedbok for førskolebarn/småskoletrinnet. Nynorsk tekst

Hun & han / Madalena Matoso. - Oslo : Magikon, cop. 2011

Dette er ei bok til å bla i og leke med. Den er spiralinnbundet og alle sidene er delt horisontalt på midten. Det gjør at man kan bla den nederste og øverste delen hver for seg og selv sette sammen bildekombinasjoner. Illustrasjonene viser kvinner og menn i forskjellige situasjoner, f.eks.: fra barnevogntrilling til snekkerarbeid og fra traktorkjøring til klesvask. Bildene er laget slik at kjønnsidentiteten avklares i øverste del og aktiviteten i den nederste. Dermed kan man få alle menn og kvinner til å utføre alle aktivitetene. Billedbok for førskolebarn/småskoletrinnet. Uten tekst

Mari og Magnus og smokketjuven / Ruth Lillegraven. – Oslo : Samlaget, 2012.

Søskena Mari og Magnus går i same barnehage. Ein dag skjer det noko mystisk. Då småungane skal kvile er alle smokkane borte. Det er ein smokketjuv i barnehagen. Mari og Magnus tar saka og må spionere litt, og helde vakt. Dette er ein enkel historie med gjenkjenneleg tema og illustrasjonar. Forteljing for førskolebarn/småskoletrinnet. Lillegraven har fått gode omtaler for bøkene om Mari og Magnus, dette er bok nr. 2.

ANNA:

1. I fjor haust vart det stemt fram ei liste med over hundre gode biletbøker. Eg har saksa litt der, dei som er interessert i komplett liste kan få kopi av meg (har den ikkje elektronisk):

Merethe Gauden i Kvam skriv: Dette er bøker som er lette og gode å bruke i min jobb som leseledar/litteraturformidlar i barnehage/småskule. Det er gode bøker som borna set stor pris på og som dei aldri vert leie av å høyre på. Det er bøker som er enkle, men som samstundes har evna til å utfordre, gjennom tekst eller bilete, - slik at borna heile tida kan glede seg over det dei høyrer, og finne nye ting å glede seg over neste gong dei høyrer same boka.

De ti beste bildebøkene som er stemt fram er:

- 1. Bukkene Bruse på badeland/Bjørn F. Rørvik/Gry Moursund**
 - 2. Garmanns sommer/Stian Hole**
 - 3. Odd er et egg/Lisa Aisato**
 - 4. Snill/Gro Dahle/Svein Nyhus**
 - 5. Jakob og Neikob/Kari Stai**
 - 6. Johannes Jensen føler seg annerledes/Henrik Hovland/Torill Kove**
 - 7. Ruffen : sjøormen som ikke kunne svømme /Tor Åge Bringsværd /Thore Hansen**
 - 8. Venner/Trond Brønne/Per Dybvig**
 - 9. Gi gass, Ine!/Tore Renberg/Øyvind Torseter**
 - 10. Geitekillingen som kunne telle til ti/Alf Prøysen/Vivian Zahl Olsen**
2. Biblioteket har fått nokre få dataspel til utlån, dette er norske spel som kjem til oss gjennom Kulturrådet. Det er PC/DS-spel som t.d. Reven og grisungen, Flåklypa, Pippi.